



# Hardangerrådet iks



## NYTTÅR 2016/2017. Orientering om prosjekt og aktivitetar me arbeider med.

### Regionrådet 2015-2019

Hardangerrådet iks er eit interkommunalt selskap for kommunane/herada Eidfjord, Granvin, Jondal, Odda, Kvam, Ullensvang og Ulvik. Hovudoppgåva er å styrkja regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid. Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vera eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemrd.

Hardangerrådet IKS sine organ er representantskapet, styret, dagleg leiar og klagenemnd.

Regionrådet i Hardanger, Rådmannsforum og Hardingtinget er politiske og administrative einingar som Hardangerrådet IKS har utøvande sekretærfunksjon for. Andre kommunale samarbeidsorgan er Hardanger Ungdomsråd, Hardanger Kulturråd, Team Hardanger, Kompetanseregionen Hardanger/Voss.

Regionrådet og Hardingtinget er i 2016 og 2017 leia av Rådsordførar Jon Larsgard med Rådsvaraordførar Hans Petter Thorbjørnsen. Styreleiar er Toralv Mikkelsen. Leiar i Rådmannsforum 2016 og 2017 er Siv Helle Prestegard.



### Kommunestruktur i Hardanger

Hardangerkommunane har i 2016 gjort sine vedtak vedr. ny kommunestruktur i Hardanger. Resultatet av herads- og kommunestyrevedtaka er at det frå 01.01.2020 vert slik kommuneinndeling i Hardanger:

Kvam herad	Som idag
Ullensvang kommune	Samanslåing av Jondal kommune, Odda kommune og Ullensvang herad
Eidfjord kommune	Som idag
Ulvik herad	Som idag
Granvin herad	Samanslåing med Voss kommune.

Fylkesmannen har i si innstilling til Statsråden ikkje lagt opp til tvangssamanslåing utover det kommunane sjølve har gjort vedtak om. Konsekvensar av den nye kommunestrukturen vil verta tema for drøftingar i Hardangerrådet i tida som kjem. Endra selskapsavtale og «Nye» Voss kommune si tilknytning til Hardangerrådet vert her sentrale spørsmål.

# Aktivitet og prosjekt i 2016



## Interkommunalt tenestesamarbeid i Hardanger.

Rådmannsforum i Hardangerrådet arbeider med framtidige utfordringar for dei kommunale tenestene i ei tid med aukande krav til kompetanse og tenestekvalitet. Med særleg fokus på interkommunale samarbeidsområde. I interkommunalt frivillig samarbeid kan ein få betre profesjonelle tenester til innbyggjarane og regional attraktivitet. Alle kommunane i Hardanger arbeider interkommunalt i ulik grad og på ulike område, frå interkommunale selskap til vertskommuneordningar. Fleire av ordningane er i samarbeid med Voss kommune.

Oppretta område er Barnevern, Brannvern, IKT, Økonomisystem, Innkjøp, Skjenkekontroll, Tilsynsordning skule-barnehage, Vassområde, Miljøfyrtaarnordning og Frisklivssentral. I Samhandlingsreforma i Hardanger er det oppretta mellom anna Legevaktordningar og ØH-senger.

I 2016 har det vore gjennomført eit prosjekt vedr. planregister og digitalisering i Hardanger. Dette prosjektet har omfatta kommunane Granvin, Jondal, Odda og Ullensvang. Prosjektet har vore støttet økonomisk av Statens kartverk og Fylkesmannen i Hordaland. Dette prosjektet gjev grunnlag for å vurdera ei vidareutvikling av interkommunalt samarbeid på dette området.



## Samhandlingsreforma i Hardanger

I 2015 er det interkommunale samarbeidet ført vidare i «Prosjekt Folkehelse og Samhandlingsreforma i Hardanger og Voss 2014-2015». Styringsgruppe er Rådmannsforum, som har godkjent 8 ulike delprosjekt. Det er etablert arbeidsgrupper med deltakarar frå Voss og Hardangerkommunane. Vaksdal deltek i samarbeid omkring Prehospitalte tenester, Nødnett og Rehabilitering. Andre område er vidareføring av Nettverk for folkehelse, Nettverk for kommunehelse og samfunnsmedisin, samarbeid om Miljøretta helsevern, Rus og psykisk helse og Sjukeheimsmedisin.

Prosjektet vart avslutta med eit vellukka evalueringsseminar på Hotel Ullensvang 8. september 2016. Sluttrapporten etter evalueringsseminaret er tilgjengeleg på [www.hardanger.com](http://www.hardanger.com)



## Team Hardanger



## Aktivitet og prosjekt i 2016


Næringsutvikling, tiltaksarbeid og etablerarteneste har opp gjennom tidene hatt varierande fokus og organisering i Hardanger. Siste 15 åra har Hardangerrådet hatt ansvaret for dette som eit viktig arbeidsfelt. Det kommunale næringsarbeidet er ulikt organisert i Hardanger. Team Hardanger er eit nettverk av Hardanger sine kommunale og regionale nærings-ansvarlege og etablerarrettleiarar, koordinert av Hardangerrådet iks.

I 2016 har Team Hardanger hatt tett fokus på tiltak for næringsetablering og leiarane av begge næringshagane i regionen, Næringshagen i Odda og Næringshagen i Hardanger har vorte faste medlemmer av Team Hardanger.

Team Hardanger gjennomførte i oktober 2016 ein vellukka studietur til Sogn og Fjordane. Besøk hos fleire vekstbedrifter gav god inspirasjon og viktig informasjon å ta med seg heim til Hardanger. Takk til Sigmund Vereide og Natalia Golis for godt program.



[www.hardanger.com](http://www.hardanger.com)



NYHENDE FRÅ REGIONSRÅDET

Meld på nyhendeler >>

**Hardangerkonferansen er i gang**  
Hardangerkonferansen 2015, som vert halden på Lofthus, er no i gang. Ein av dei som deltek sjølv om han er i Oslo er stortingsrepresentant Terje Breivik.  
[LES MEIR >>](#)

**Hardanger Ungdomsting i Eidfjord**  
Mandag var det klart for Hardanger Ungdomsting i Eidfjord. Her var over 30 ungdommar frå dei ulike ungdomsråda i Hardanger.  
[LES MEIR >>](#)

**Karrieredagen 2015 i Grieghallen**  
Tysdag var me i Bergen og presenterte flere mogeligheter i Hardanger for mange tusen studentar.  
[LES MEIR >>](#)

Fleire nyhende >>

Hardanger sin nye nettstad er [www.hardanger.com](http://www.hardanger.com).

Her har me samla regionen Hardanger. Dette er ei felles nettside, der det er lett å bevega seg vidare inn til alle kommunar, reiseliv og anna næringsliv, kunst og kultur.

Hardangerrådet si heimeside er no på denne adressa .

Flytt til Hardanger lever også vidare her med sine gode løysingar, både bustad og jobb vert oppdatert regelmessig.

## Aktivitet og prosjekt i 2016



Hardanger  
Ungdomsråd

*... med auge for framtida!*



Hardanger Ungdomsråd ( HU ) har hatt 5 rådsmøter dette året. Leiar i har vore Vilde Lægreid frå Ullensvang ungdomsråd, nestleiar var Alma Thorbjørnsen, Ulvik ungdomsråd. Tannhelsestruktur vart viktig tema også i 2016, og 8.mars skulle det fattast vedtak i saka, der stilte HU opp for å visa sitt engasjement (bilde ovanfor). Eidfjord var vertskap for ei vellukka Aktivitetshelg i september. Hausten 2016 har fokus på psykisk helse for born og unge, samt tilgang på helsesøster vore viktig tema for lokale ungdomsråd, så også for HU.



### Hardanger Kulturråd

Dette er eit samarbeids – og rådgjevande organ oppretta av dei sju Hardangerkommunane. Rådet arbeider med kultursaker og tildeler regionale kulturmidlar. Det skal leggjast vekt på at kulturtiltaka fremjar samhald, samhandling, næringsutvikling og styrker Hardangerkjensla. Rådet er eit rådgjevande organ i kultursaker i høve Hardangerrådet som også har sekretariatet. Hardanger kulturråd sine medlemmer er kulturansvarlege i dei sju Hardangerkommunane. Leiarioppgåva går på omgang. Frå 2016 er kultursjefen i Eidfjord leiar i Hardanger kulturråd.



### Etablerartenesta i Hardanger

Tone Søgaard i Handalag Opplæring, Kvam har ansvaret for Etablerarskulen i Hardanger på vegne av Hardangerrådet. Målsetjinga er å nytta felles kompetanse til å gje god rettleiing til dei framtidige etablerarane i Hardanger. Etablerarskulen gjev årleg tilbod om modulbasert opplæring for gründerar og andre som treng slik opplæring. Kontakt eigen kommune eller [www.handalag.no](http://www.handalag.no) eller sjå [www.kom-an.no](http://www.kom-an.no). **Karrieredagen** i Bergen hadde besøk av mange studentar med interesse for jobb i Hardanger.



### Regionalt Etablerarfond Hardanger

Hordaland fylkeskommune har laga ei ny tilskotsordning i 2015 og i 2016 vart Hardangerrådet tildelt kr 584.000 til Etablerarfond for Hardanger. Det regionale etablerarfondet skal nyttast som eit målretta tilskot på inntil 50.000 kroner til ny-etablerte verksemder. Tilskota skal vera i tråd med nasjonale retningslinjer og føringane som er lagt i den regionale næringsplanen, og målsetjinga er å få til ei offensiv satsing på nye gründerverksemder.

## Aktivitet og prosjekt i 2016



### Hardangerkonferansen 2016



Hardangerkonferansane starta med Streif i Hardanger som Hordaland fylkeskommune sin 100-årsmerkinga for 1905. Frå og med 2006 har det vore årlege Hardangerkonferansar som har teke opp aktuelle framtidsretta tema for Regionen Hardanger. Konferansane samlar årleg 100-120 deltagarar og turnerer rundt i regionen. Konferansane er eit nyttig informasjonsforum og nettverksstad for politikarar, næringsliv og sjølvsagt andre interesserte. Hardangerkonferansen 2016 vart arrangert i Eidfjord 9.-10 november 2016. Årets konferanse hadde som hovudtema «Hardanger i omstilling». Nytt for dette års konferanse var at Reisemål Hardanger Fjord la sin haustkonferanse som ein del av Hardangerkonferansen. Dette vart ei vellukka samankopling av tema.

Hardangerkonferansen 2017 skal arrangerast i Kvam den 15. og 16. november 2017. Hardangerkonferansane er eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, Sparebanken Vest, BKK, Reisemål Hardanger Fjord, Hordaland Bondelag og Vertsherad-/kommune og Hardangerrådet iks.



### Merkevare Hardanger



Prosjektet vart presentert våren 2005 på 1905-makeringa "Streif". Ein paraplyprofil med målsetjing å styrkja regionen sitt omdøme og slik verta Hardanger si eige sterke merkevare. Merkevareprofilen skal ikkje erstatta noverande merkenamn og logoar, men forsterka interessa for eit produkt ved tilknyting til namnet Hardanger. Merket er difor diskré utforma, men tydeleg. Tilsvarande merking er t.d. Godt Norsk. Helge Møller er engasjert som Merkevareambassadør i Hardanger. Merkevare Hardanger har no over 130 lisenshavarar og er stadig under utbreiing. Hardangerrådet har som mål å gjera Hardangerlogoen synleg langt utover Hardanger. Ta kontakt på [post@hardangerraadet.no](mailto:post@hardangerraadet.no)

## Aktivitet og prosjekt i 2016



### Internasjonale Hardanger



### Hardanger-Berlin Husvære.

Hardangerrådet er på vegne av Hardangerkommunane ansvarleg for artist-in -residence-ordninga Hardanger – Berlin. Ordninga vart oppretta i 2009 og den vart avslutta som ordning i regi av Hardangerrådet 31.12.2016.

Ordninga er vidareført som eit spleiselag mellom Hardanger Kunstlag, HardingerT, Lærdal Næringsutvikling og dei 7 Hardangerkommunane.



### Japan Hardanger-Club

Med bakgrunn i eit reiselinssamarbeid har det utvikla seg ei kulturutveksling med fokus på Hardingelespel og Hardangersau mellom Hardanger og Japan. Hardangerrådet er deltagar i ein Japan Hardanger Club med føremål å få til vidare utvikling til felles nytte. Hardingeleinstittuttet i Tokyo er grunnlagt av Rio Yamase og har 30 elevar. RHF, Fylkeskommunen, Hardanger og Voss Museum (HVM) og Hardangerrådet iks er vertskap for Japske hardingelesstudentar som kjem til Hardanger for å læra meir felespel og forstå kulturen vår. Hardangersau er også svært populært og utbreidd i Japan. Reiselivsnæringa og HVM organiserer i eigne studieopphald for japanske broderarar.



### Lokalmatsatsing

Hardangermeny er eit nettverk av lokalmatprodusentar og serveringstader i Hardanger. Lokalmat har Hardangerrådet sett fokus på sidan 2003 og jamn jobbing gjev resultat. I 2011 gjennomførte Hardangerrådet ved Team Hardanger prosjektet «Hardanger i Greve in Chianti». Der var småskalaprodusentar med for å servera Hardangerprodukt i Italia. I 2012 er det teke initiativ til å utvikla SlowFood-regionen Hardanger med Cittaslow – filosofien. Forprosjektet Hardanger SlowFjord i 2013 sette fokus på kunnskap om og bruken av eit stort mangfold av smak frå fjord og land, eit mangfold som er unikt i verdssamanhang innan eit så avgrenska geografisk område. Ulvik herad er no «Cittaslow-kommune» med formål å fremja sine naturgjevne føremøner for det gode liv på bygda.

## Aktivitet og prosjekt i 2016

Hagefest på Gamlehaugen i samband med Kongeparet sitt 25-års jubileum som Norges kongepar.



Hardanger vart, saman med dei øvrige regionane i fylket invitert til å delta ved hagefesten for Kongeparet den 26. juni 2016. Hardanger hadde eigen standplass med telt og her vart det servert lokalmat til alle gjestene. Hardanger fekk også utfordringa med å levera Hardangersaft til samtlege standplassar ved hagefesten. 7 lokale saftprodusentar frå heile Hardanger leverte drikke til arrangementet. God Hardangerreklame !

# Aktivitet og prosjekt i 2016



## Næringshagar i Hardanger

Hardangerrådet har gjennom fleire år støtta arbeidet for Regional Næringshage i Hardanger. Næringshagar har miljø for nettverksbygging, kompetanseheving og samarbeid mellom verksemder i same bransje og på tvers av bransjar. Målet er auka regional verdiskaping gjennom vidareutvikling og vekst i nye og eksisterande verksemder. I ein næringshage får små verksemder tilgang til relevant kompetanse og nettverk, i tillegg til eit fagleg og sosialt fellesskap. Næringshagen skal også vera møteplass for verkemiddelapparat, samarbeidspartnarar og erfaringsutveksling med andre næringshagar i Noreg. Næringshagemiljøet skal bidra til å styrkja utviklingskompetansen i dei enkelte kommunane og på tvers av kommunegrensene.

I Hardanger har vi to næringshagar, Næringshagen i Odda og Næringshagen i Hardanger. Næringshagen i Odda er 15 år og har ei lang og varierande prosjektporlefølgje, samt at ein koordinerer viktige funksjonar som SMB Hardanger, Stiftinga Høgskuleutdanning i Hardanger, Ungt Entreprenørskap Hardanger, Etablerarrettleing for Odda og Ullensvang og Trainee Indre Hordaland.

Næringshagen i Hardanger vart etter eit år prøvetid godkjent og teken opp i Siva sitt næringshageprogram juni 2016. Det å vere ein del av næringshageprogrammet gjev årlege utviklingsressursar på kr. 1.200.000 per år. Støtta frå Siva går indirekte til vekstbedrifter, såkalla målbedrifter, som vert tekne opp etter visse krav i næringshagen. Dei får avtalt rabaterte tenester som skal hjelpe dei til å veksa og utvikle seg. Ei målbedrift må ha potensial og vilje til vekst og utvikling for at næringshagen skal kunne hjelpe dei. Næringshagen i Hardanger har i dag 20 målbedrifter og 10 andre medlemsbedrifter. Næringshagen legg stor vinn på kompetanseheving for bedriftene og prøver saman med resten av utviklingsnettverket og legge rette for gode møteplassar.

Besøk oss her: [www.nhodda.no](http://www.nhodda.no) og [www.nih.no](http://www.nih.no) og følg oss på facebook ☺

## UNG ENTRE PRENØR SKAP i Hardanger

Hardanger si framtid er avhengig av nyskaping, både nye arbeidsplassar og utvikling av eksisterande verksemder. Kreativitet og entreprenørskapskultur hjå den oppveksande generasjon, samt eit ynskje om å busetja seg i regionen etter endt utdanning, er sentralt for å utvikla Hardanger i framtida.

Ungt Entreprenørskap arbeider saman med Hardangerkommunane for å styrkja lokal identitet og fremja evne og vilje til nytenkjing og verdiskaping, med skulen som arena. Sentralt i arbeidet er å knyta kontakt mellom skulane og det lokale nærings- og arbeidslivet.

Ungt Entreprenørskap i Hardanger er eit prosjekt drifta av Næringshagen i Odda, ved prosjektleiar Signe Sandvik/Ida Maage Elstad. Prosjektet starta opp i 2010 og kan visa til gode resultat. Fleire skular har utmerka seg på regionale og nasjonale nivå i ulike konkuransar.

Ein har no fått stønad til å utvikla prosjektet vidare, og målet er at alle skular i Hardanger skal ha entreprenørskap som ein del av utdanningstilbodet. Fleire ungdomsskular kjem med og frå 2017 vil ein også ha eit opplegg for 5-7. trinn på sommaren når Forskarfabrikken kjem og har eit nasjonalt opplegg for å fremma realfag.

## Høgskuleundervisning i Hardanger

Stiftinga Høgskuleutdanning i Hardanger vart etablert i 1993 av Odda kommune og AS Tyssefaldene. I 2012 vart stiftingskapitalen utvida, med fleire partar. Studiesenteret i Hardanger har i dag 3 studiestader: Odda, Kvam og Eidfjord med moderne fjernundervisningsutstyr. Studiesenteret samarbeider med høgskular i heile landet og er tilknytta det nasjonale Studiesenteret.no og nyttar tilboda derfrå. Hausten 2015 var det 87 elevar ved studiestadene i Hardanger. Dei kjem både frå Hardanger og utanfrå. Målet for utviklingsarbeidet til SHiH i 2017 er å dekka kompetansebehov i privat og offentleg sektor, med særskilt fokus på reiselivsbransjen gjennom eit eige prosjekt, «Kompetansepakke i reiselivet», som er støtta av Regionalt Næringsfond Hardanger og fem av Hardangerkommunane.

[www.nhodda.no](http://www.nhodda.no) og [www.studiesenteret.no](http://www.studiesenteret.no)

## Aktivitet og prosjekt i 2016



Trainee Indre Hordaland (TIH) vart stifta som ein non-profit medlemsorganisasjon 14.01.15 med eit styre beståande av representantar frå fem av medlemsbedriftene. Gjennom regionale traineeprogramm samarbeider private bedrifter og offentlege instansar på tvers av administrative grenser for å stilla sterkare i kampen om å rekruttera høgt utdanna, attraktive kandidatar. TIH tar sikte på ordinær drift som sjølvgåande organisasjon frå og med 2019. Trainee Indre Hordaland ønskjer å legga eit grunnlag for at ungdom vert værende i heimdistriktet eller vel å koma tilbake etter endt utdanning. TIH har i dag 9 medlemsbedrifter frå Hardanger pluss Kvinnherad og Sauda, og i 2016 fekk ein inn heile 45 søknader frå kvalifiserte, unge menneske frå inn- og utland. Ordninga er administrert av Næringshagen i Odda. [www.traineeih.no](http://www.traineeih.no)



Dette er eit samarbeidsorgan innan barnehage- og skulefeltet. Det er Ullensvang herad som no har leiarvervet i Hardanger/Voss kompetanseregion. Kompetanseregionen samarbeider mellom anna om: lokalt gitt eksamen, kompetanseheving i barnehage og skule, ekstern vurdering av barnehagar og skular, vaksenopplæring, realkompetansevurdering og kurs for instruktørar som godkjennes tilsette med symjeopplæring og leik i vatn. I 2016 har det særleg blitt arbeida med å få ferdigstilt fellessystem for realkompetansevurdering, eit pilotprosjekt som starta våren 2015.

I april hadde leiarane i barnehage og skule ei felles samling i Rosendal over to dagar der temaet var: Risiko og inkludering i kunnskapssamfunnet. Sårbare barn. Utanforskning i barnehage og grunnskule. Fråfall i vidaregående skule. Ivar Frønes frå Universitetet i Oslo og Stine Lindberg frå Børerådet i Danmark var to av føredragshaldarane.

Samarbeidet med Statped Vest held fram i 2017. Kompetansen i barnehagesektoren vert styrkja ved arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning i Kvam, og ved at 20-24 tilsette barnehageassistentar tek teoriopplæringa til fagbrev i Barne- og ungdomsarbeidarfaget (BUA). Voss vidaregående skule - senter for vaksenopplæring er ansvarleg for opplæringa som er gratis for deltakarane.



Hardanger og Voss Museum (HVM) har fått utfordring frå Hardangerrådet å jobba for eit eige internasjonalt Hardingfelesenter i Hardanger. Dette vil museet gjera i samarbeid med Ole Bull Akademiet på Voss. Samarbeidsavtale er undertekna og dei to organisasjonane jobbar no med å få tilført ressursar til satsinga. Rannveig Djønne er no tilsett som prosjekteiar. Prosjektmedarbeidar på tema folkedans er og tilsett. Heller enn å etablira eit fysisk senter handlar det om å styrka hardingfeletradisjonane på ei rekke områder, som t.d. opplæring, formidling, felebygging og ikkje digital formidling gjennom hardingfela.no. Pilotprosjektet Master Class Hardanger vart svært vellukka. I 2015 vart det etablert også ein internasjonal versjon, Master Class Hardanger – International, som er ope for søkerar frå heile verda. [www.hardangerogvoスマuseum.no](http://www.hardangerogvoスマuseum.no)

## Aktivitet og prosjekt i 2016



### Nasjonal Turistveg Hardanger og Nasjonal Turistveg Hardangervidda.

Regionen Hardanger har vore med å utvikla Nasjonale Turistvegar sidan pilotperioden på 1990-talet og mange turistvegpunkt er etablerte i Hardanger. Hardangerrådet er aktiv koordinator i arbeidet. Hardanger har 2 av 18 Nasjonale Turistveg-strekningar slik:

- Hardanger: Rv 13 Låtefoss-Tyssedal – Kinsarvik – Fv 550 Utne -Jondal – Fv49 Tørrvikbygd - Norheimsund – Fv 7 Steinsdalsfossen/Norheimsund - Granvin.
- Hardangervidda Rv 7 Eidfjord- Haugastøl

Steinsdalsfossen, Vøringsfossen og Låtefossen er turistvegpunkt med investering på til saman 250 millionar kroner. Utfordringa er regional og det er lokal medfinansiering av ca 80 mill. kr frå Fylkeskommunen, Hardangerrådet iks og «fossekommunane/herada». Perioden 2012 – 2022 er planen for å fullføra arbeidet i Hardanger. Anlegget ved Steinsdalsfossen vart opna våren 2014. I 2015 vart arbeidet ved Vøringsfossen starta opp. I 2016 vart anlegget ved Skjervefossen opna. Satsinga ved Låtefoss avventar val av ny Rv 13 gjennom Oddadalen. Også Rv 13 Skjervefossen og Fv 572 Granvin-Espeland-Ulvik har Hardangerrådet iks spela inn som ein del av Turistveg Hardanger, men dei er enno ikkje med. [www.nasjonaleturistveger.no](http://www.nasjonaleturistveger.no)



### Hardanger Miljøfyrtårnordning.

Miljøfyrtårnordninga i Noreg legg til rette for at verksemder i landet skal få fokus på miljøvennleg drift og organisering. Hardangerrådet iks har ansvaret for å koordinera arbeidet i regionen og har utdanna 2 sertifisørar og kontakt med ein konsulent. Dette har både økonomiske og praktiske føremoner. Reiselivsnæringa er allereie godt i gang. Alle kommunane/herad i Hardanger er medlem i stiftinga Miljøfyrtårn og har eigne kommune-kontaktar. Kontakt Hardangerrådet iks for spørsmål. Kommunane i Hardanger planlegg no å sertifisera kommune/herads/råd-husa sine. [www.miljofyrtarn.no](http://www.miljofyrtarn.no)

Kinsarvik 11.01.2017

[www.hardanger.com](http://www.hardanger.com)

Trude L. Rinaldo  
Konsulent

Jostein Eitrheim  
Dagleg leiar

